

CV

Ole Nilssen

Folkemusikar og -dansar

Adresse Jølstravegen 2062, 6843 Skei i Jølster
Tlf. 951 81 672
E-post mail@olenilssen.com
Web www.olenilssen.com

Ole Nilssen har trass sin unge alder, utmerka seg som ein av Noregs fremste og folkemusikarar og -dansarar. Han kjem frå ei folkemusikkslekt på Hedmarken der far og bestefar har vore læremeistrar gjennom oppveksten. Nilssen er mykje nytta som dansespelemann, ensemblemusikar og instruktør både i dans og spel. Han har utdanning frå folkemusikklina på Vinstra og Norges musikkhøgskole med trekkspel som hovudinstrument. Ole har og utdanning i tradisjonsdans frå NTNU. I 2015 vann han folkelarmprisen med gruppa Rustad/Nilssen/Ranøien, og i 2017 debuterte han med soloalbumet "*Premiér*".

Utdanning

2012 - 2016	Norges musikkhøgskole	Bachelor i utøvende folkemusikk, 240 stp
2014 - 2015	NTNU Trondheim	Norsk folkelig dans, 15 stp
2012 - 2013	NTNU Trondheim	Tradisjonspraksis og tradisjonskunnskap, 30 stp
2009 - 2012	Vinstra VGS	Folkemusikklina: generell studiekompetanse

Prisar, utmerkingar, og stipend

2017 Kunstnarstipend Sogn og Fjordane
2017 Arbeidsopphald ved Leveld Kunstnartun.
2017 Talentstipend frå Sparebanken Hedmark.
2016 Kulturprisen i Løten Kommune.
2016 Talentpris frå Festspela i Elverum.
2016 Vinner av Danse fele kl. A (eliteklasse) på Landskappleiken.
2016 Uteksaminert med toppkarakter i hovudinstrument frå Norges musikkhøgskole.
2015 Folkelarmprisen for plata "Slåttespel på toradar" med Rustad/Nilssen/Ranøien.
2014 Vinner av Dans fele kl. A (eliteklasse) på Landskappleiken.
2014 Noregsmeister i runddans.
2013 Noregsmeister i runddans.
2011 Vinner av juniorklassar i nasjonale konkurransar, tre stipend for sær høgt nivå. (Durspel, trekkspel og dans).
2010 Pris for årets dansespelemann på Landskappleiken.

Utøvande verksemd: Eit utval

2017 Soloalbum "*Premiér*" – Norgesturné
2016 Bestillingsverket "Aspects" av Wolfgang Plagge.
2016 *Den norske opera og ballett* - "Meisterkonsert", dans.
2016 Førelasar ved Ole Bull-akademiet og Norges Musikkhøgskule.
2015 CD: "Slåttespel på toradar" med Tom Willy Rustad og Leif Ingvar Ranøien + turnear.
2015 *Bygda dansar "Lek Østa"* – koreograf Indra Lorentzen musikar på danseforestilling saman med perkusjonist Birger Mistereggen.

Ole Nilssen (f. 1993) frå Løten er ein solist på trekkspel og er ein av dei fremste utøvarane på sitt instrument. Han har lært tradisjonelt spel av fleire lærereistrar som Tom Willy Rustad, Jo Asgeir Lie, og Jon Faukstad. Han har i gjennom studiar studert arkivmateriale både i form av lydopptak og notenedteikningar. I gjennom dette arbeidet har han fått moglegheit til å tileigne seg ein karakteristisk spelestil, og fått løfta fram eit elles lite nytta materiale. Han er ein prisbelønt utøvar og har fått mellom anna Folkelarmprisen, fleire talentprisar, og Kulturprisen i Løten Kommune. Ole Nilssen er og ein framifrå dansar, og har som yngste utøvar nokon sinne vunne Landskappleiken i eliteklassen saman med Solveig Brekke Hauknes. I tillegg har dei vunne danseklassa på Landsfestivalen to gongar. Han har jobba hovudsakleg med runddanstradisjonar, men og med polstradisjonen i Østerdalen. Ole er fast medlem i gruppene ”*Rustad/Nilssen/Ranøien*”, ”*Odde/Nilssen*”, og ”*Fredholms Trio*”. Han har og jobba på prosjekt med utøvarar som Bjørn Kåre Odde, Birger Mistereggen, Erlend Apneseth og Margrete Nordmoen, og Wolfgang Plagge. I 2017 ga han ut soloalbumet ”*Premiér*” og hausta gode kritikkar.

Nilssen har bachelorgrad i utøvande folkemusikk ved Noregs Musikkhøgskule og arbeider som sjølvstendig næringsdrivande. Han arbeider mykje i prosjektbaserte ensemble og har dei siste åra jobba med t.d. danseframсыningar, teateroppsettingar, konsertar, og som dansespelemann. Ole jobbar og som lærar på høgskulenivå både i spel og dans.